

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Pål Kårbø (KrF) og **Terje Søviknes (FrP)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er høvesvis styremedlem og varamedlem i styret for Sunnhordland lufthavn AS. Kårbø og Søviknes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Pål Kårbø var ugild og at Terje Søviknes ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Terje Søviknes tiltredde saksbehandlinga.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet kan ikkje stø Danish Air Transport A/S (DAT) med omsøkt beløp. Å gje eit generelt driftstilskott til DAT stø ikkje opp om strategien i Handlingsprogram 2016 for Klimaplan for Hordaland 2014-2030, som seier at innan 2020 skal minst 20 % av persontransport ut av fylket austover og sørover over frå fly til buss og bane.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Saken utsettes.»

Røysting (forslaget om utsetjing)
Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga:
Fylkesutvalet føreset at fylkesrådmannen kvalitetssikrar at tilskotet kan gjevast i høve Lov om offentlige anskaffelser og regelverket om bagatellmessig støtte etter EØS-regelverket.

Fylkesutvalet vil koma attende til fylkeskommunens eigarskap i Sunnhordland Lufthamn.»

Røysting (saka)
Det var 14 representantar til stades.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.
Innstillinga fekk 12 røyster (H, Frp, V, Sp, A) og vart vedteke.
Søviknes sitt forslag første avsnitt vart samrøystes vedteke.
Søviknes sitt forslag andre avsnitt vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr. 210 000 til Danish Air Transport AS til drift av Stordflyet.

Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott	aukar med kr. 210 000
Konto 10 720 200 00 14700	Til rådvelde for fylkesutvalet	går ned med kr. 210 000

Fylkesutvalet føreset at fylkesrådmannen kvalitetssikrar at tilskotet kan gjevast i høve Lov om offentlige anskaffelser og regelverket om bagatellmessig støtte etter EØS-regelverket.

Fylkesutvalet vil koma attende til fylkeskommunens eigarskap i Sunnhordland Lufthamn.